



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

2/2025

NOVEMBER • ÅRGANG 32

Di eiga side

Les meir på side 6.

Gjennomsiktige sekker

Les meir på side 6.

Tekstilar – ombruk, gjenvinning eller avfall?

Synest du informasjon og regleverket knytt til tekstilar er forvirrende? Frå 1.1.2025 vart det innført nytt regelverk knytt til tekstilar. Me skil mellom ulike kategoriar av tekstilar som forbrukar ikkje lenger vil ha.

Les meir på side 2 og 3.

Tekstilar – ombruk, gjenvinning eller avfall?

Synest du informasjon og regleverket knytt til tekstilar er forvirrende? Frå 1.1.2025 vart det innført nytt regelverk knytt til tekstilar. Me skil mellom ulike kategoriar av tekstilar som forbrukar ikkje lenger vil ha.



Tekstilar til ombruk (kan leverast til ulike aktørar, seljast eller gjevast til vener/kjente):

Dette er tekstilar som er heile, reine, tørre og brukbare utan vesentlege feil eller manglar, og som dermed fint kan brukast av andre.



Tekstilavfall (skal kastast i restavfallet):

Dette er tekstilar som ikkje kan nyttast til ombruk eller materialgjenvinning på grunn av tilsmussing eller fukt. Dei er altså tilgrisa eller våte og skal dermed kastast i restavfallet.



Tekstilar til materialgjenvinning (skal leverast til mottakar av denne typen tekstilar)*:

Dette er tekstilar som er reine og tørre, men som kan ha vesentlege feil eller manglar og dermed ikkje eignar seg for meir bruk i sin opprinnelege stand. Slike tekstilar skal leverast til materialgjenvinning.

Tenk deg om

Før me har fått på plass ei ordning skal tekstilar som ikkje kan brukast om igjen kastast i restavfallet. Men i eit miljøperspektiv er det du som forbrukar som kan påverke kor mykje tekstilar som hamnar der. Du kan stille deg nokre spørsmål:

- Er det ikkje mogeleg å bruke teksten om igjen?
- Er det ikkje mogeleg å reparere teksten?



*Kjem ei ordning

Då kravet om materialgjenvinning av tekstilar vart innført var det få aktørar på marknaden som kunne ta i mot desse. Og for å innfri kravet er me avhengige av ein aktør som kan ta i mot det som vert samla inn og handsame det på ein slik måte loven var tenkt.


Hittil har SIM ikkje fått nokon avtale med ein aktør som kan ta imot tekstilar til materialgjenvinning og materialgjenvinne det som vert samla inn på ein miljørett og god nok måte. Av den grunn har SIM vore avventande med å innføre ei eiga separat ordning for slike tekstilar, då me meiner det er feil å

innføre ei ordning der store deler av dei innsamla tekstilane går til energigjenvinning, altså at dei vert handsama som om dei var restavfall. Både miljømessig og økonomisk er det ei lite berekraftig løysing, men SIM jobbar med og få på plass eit tilbod om levering av tekstilar til materialgjenvinning.



Kvifor?

Kva er årsaka til at det kjem slikt regelverk og er det viktig å bry seg om det? Avfallspyramiden vert nytta som rettesnor for vurdering av kva som er best for miljøet med tanke på handsaming av ulike avfallstypar. Pyramiden er ein omvendt pyramide der det øvste trinnet er det aller beste for miljøet. Dette gjeld for alt ein kjøper og skal kaste. Tekstilar skal dermed helst hamne i ein av dei tre øvste kategoriane etter det nye regelverket.



Gratis bioposar

For å vera sikre på at alle våre kundar nyttar rett pose til bioavfallet har SIM innført gratis utdeling av bioposar til eige forbruk. **Betaling skjer gjennom renovasjonsabonnementet**, og ordninga gjeld berre for våre abonnentar som har biodunk.

Ordninga fungerer slik :

- Alle kan hente nye maisposar på rull ved alle SIM sine miljøsentralar. Ein må oppgje adressa abonnementet er registrert på før ein får rullen.
- Alle våre abonnentar som har biodunk kan knyta ein tom maispose **på PAPIRDunken** og få utdelt ein rull med maisposar.
- Det er berre på papirdunken ein får utdelt posar frå SIM, anten det er sekker til plastemballasje eller bioposar.

Det er dermed berre bilen som tømmer papirdunken på hentedag for papir, som deler ut maisposar i ditt område.

Unngå misbruk

Etter at prisen for plastposar har auka har me merka ein auke i bruk av gratis bioposar til bruk i restavfallet. Dette er **ikkje** slik posane skal nyttast. Ein slik bruk er med på å auke kostnaden for alle og er misbruk av ein ordning.

2

Du får utdelt ny rull med maisposar på loket ved henting av **papiravfallet**.

1

Knyt ein tom maispose på papirdunken.



Er du ein risiko for nabolaget?

Avfall kan ta fyr, både i dunken din heime og på avfallsanlegget. Dette skjer, har skjedd og vil skje igjen. Kvar år opplever avfallsanlegg brann i avfallet. Årsaka er som regel EE-avfall eller farleg avfall som er kasta feil.

Ditt ansvar

Det er den enkelte sitt ansvar å kaste avfallet i rett ordning. Det er trass alt ditt avfall og i Noreg er det godt tilrettelagt for at du kan kaste rett. Her er nokre grep du kan gjera for å redusera brannfaren:

EE-avfall og farleg avfall høyrer ikkje heime i restavfallet Alle batteri, uavhengig av kjemisk samansetning,

form eller storleik, vil innehalda litt restenergi når dei blir kasta. Dersom polane kjem i kontakt med kvarandre eller med metall, er det fare for kortslutning og brann. For å redusera denne faren, er det to enkle hugsereglar:

1. **Ikkje** kast batteri eller anna EE-avfall i restdunken – lever dei på miljøsentralen eller i butikkar som sel tilsvarande varer. Dei er pliktige til å ta i mot EE-avfall gratis.

2. Set ein tapebit over batteripolane etter avslutta bruk. Då unngår du at polar kjem i kontakt dersom du samlar opp fleire batteri i påvente av levering til miljøsentralen, og du reduserer også brannfaren på batteriet si reise frå innsamlingspunkt til gjenvinningsanlegg.
3. Flytt bosdunken vekk frå husveggen Kvar år skjer det ulukker som følgje av at det oppstår brann i bosdunkar som er plasserte inntil husveggar. Norsk brannvernforeining, Direktoratet for sikkerheit og beredskap og Finansnæringas hovudorganisasjon tilrår difor at avfallsdunkar blir plasserte minst fem meter frå ytterveggen, uansett bygningstype. Forsikringsselskapa kan også setja krav til plasseringa av avfallsbeholdarar, så sjekk kva din forsikringsavtale seier om dette. Om du opptrer uaktsamt, kan i verste fall forsikringsselskapet setta ned erstatninga di om det skulle oppstå ein brann.



Toppar du lista?

SIM opplever ofte at folk kastar feil i dunken for glas- og metal**emballasje**. Me reknar med at dette skuldast mangel på informasjon og at abonnentane har handla i god tru.

Her er ei oversikt over dei 7 vanlegaste feila me ser, i prioritert rekkjefølgje, slik at du kan unngå å toppe lista:




Ved gjentakande feilsortering, kan du risikere at dunken ikkje vert tømt.



1

Plastposar

Glas- og metal**emballasje** skal kastast laust i dunken, ikkje i pose.



2

Andre metallgjenstandar


Typisk bremseskiver, spikar, metallplater og -røyr er ikkje **emballasje** (Dette er ikkje **emballasje** og skal leverast på ein miljøsentral).



3

Keramikk og porselen

Blomsterpotter, kaffikoppar og fat (Dette skal leverast på ein miljøsentral).



4

Restavfall, papp og plast

(Denne trur me ikkje kan skuldast misforståing. Her har abonnentane eigne dunkar).



5

Kjøkkenutstyr

Steikepanner, glas og former (Dette er ikkje **emballasje** og skal leverast på miljøsentralen).



6

Elektrisk avfall

T.d lyspærer, leidningar og småelektrisk (Denne trur me ikkje kan skuldast misforståing. Dette skal leverast til butikkar som sel liknande varer eller til ein miljøsentral. Gratis levering).



7

Farleg avfall

Malingsspann, batteri og lighterar (Denne trur me ikkje kan skuldast misforståing. Dette skal leverast til ein miljøsentral. Gratis levering).

Kva er emballasje?

Det som vert brukt til å pakke i, beskytte og frakte varer. T.d. flasker, boksar, kartongar osv.




Sjekk sortere.no for rettleiing!

Di eiga side

Har du høyrte om Mitt SIM? Mitt SIM er ei side der du som abonnent har tilgang til ditt/dine abonnement hjå oss. Her kan du mellom anna få full oversikt over fakturaer, du kan endra abonnement eller melde frå om flytting.

Korleis får du tilgang?

Du finn innlogging til «Mitt SIM» på [sim.as](#). Me gjer merksam på at det er den som står som **eigar av egedomen** og **fakturamottakar** av abonnementet hjå SIM, som har tilgang til sida. Du loggar enkelt og greitt inn via ID-porten med din føreterkte innloggingsmetode.



Frå juni 2023 har innlogging til tenesta «Mitt SIM» vore tilgjengeleg på vår heimeside [sim.as](#), enten som eige ikon i toppen av sida (desktop) og under menyen øverst til høgre på mobil.

Kvifor?

Kvifor satsar me på ei slik side? Fleire og fleire nyttar mobil, brett eller datamaskin for å finne informasjon og utføre tenester, både frå det offentlege og det private. På «MittSIM» får du all informasjon om ditt/dine abonnement samla på ein stad, og du kan lett endre eller bestille tenester sjølv.

Framleis tilgjengeleg

Er du ein av dei som helst ynskjer å snakke med oss direkte er du sjølv sagt velkommen til det. Kundemottaket på Heiane, Stord, er ope mellom 09.00 og 15.00 kvar vekedag. Du kan kontakte oss på telefon 53 45 78 50 mellom kl. 10-14, eller e-post sim@sim.as.

Kva har du i sekken?

Gjennomsiktig sekk

All erfaring viser at terskelen for å kaste miljøfarleg, eller brannfarleg avfall i dunkar eller sekker er lågare, dersom du trur du ikkje vert oppdaga. SIM har difor eit krav om levering i gjennomsiktige sekker på våre miljøsentralar, og kontroll av avfallet som vert kasta i dunkane.

Farleg avfall eller EE-avfall skal leverast til ein miljøsentral. EE-avfall kan òg leverast til butikkar som sel tilsvarande varer. I tillegg kan det vera materiale som kan nyttast om igjen, særleg i EE-avfallet.



Forbod

Dei fleste selskapa i landet har innført forbod mot ugjennomsiktige sekker på sine miljøsentralar, for å ta ned risikoen for feilsortering. SIM har sidan 2016 oppmoda våre kundar om å bruke gjennomsiktige sekker og i 2021 innførte me forbod mot ugjennomsiktige sekker.

Kan eg bruke SIM sine sekker for plastemballasje?

Nei. Desse sekkenes er berre for plastemballasje. Dersom SIM skal dele ut sekker til alle vil det medføre ein ekstra kostnad for abonnentane.

Kva sekker kan eg bruke?

Du kan bruke kva sekk du ynskjer så lenge den er gjennomsiktig. Mange butikkar har slike for sal. SIM sel slike sekker på alle våre miljøsentralar til kr. 50.



Vinter på veg

Alle vegar skal vera brøyta og strøydde til renovasjonsbilen kjem. Ved store snøfall eller vèromslag kan det likevel vera vanskeleg å få alle vegar køyrbare i tide.

Er du usikker på om renovasjonsbilen kjem fram til din hentestad grunna snø/ is eller andre hindringar, kan det vera til stor hjelp om ein drar dunken litt lenger for å vera sikker. Kanskje er det betre tilkomst i ein større veg like ved eller betre om renovasjonsbil slepp ein bratt bakke?

Kva gjer ein om dunken som var ute i tide likevel ikkje vert tømt?

Send ei melding til SIM og la dunken stå ute til den er tømt om ein ikkje mottar anna melding. Neste bil i området vil prøva på ny om det let seg gjera. Ring dunk-telefon 95 25 35 15 om ein ikkje får svar på melding.



Hugs å brøyta og gjer dunkane tilgjengelege for våre renovasjonsbilar når vinteren set inn.

«VINTERDUNKEN»

Tenk på renovatørane. Dei tømmer fleire hundre dunkar på ein dag og du kan hjelpe dei fram slik at dei får tømt dunken din ved at det er måka og strødd når dei kjem. Du som kunde har ansvar for at avfallet ditt lett kan tømmast :

Her er nokre tips når kulda set inn:

Bioposane kan fryse fast om dei er våte og for å unngå dette kan du prøve nokre av desse råda:

1. Legg litt papir i botnen av posen for å trekke opp fuktighet.
2. Bruk eit spann/korg med god gjennomlufting. Dette gjer at fukt fordampar lettare og dette blir så tørt som mogleg før det hamnar i dunken ute.
3. Har du flytande matavfall, så hell det på kartong. Kartongar kan kastast i matavfall når dei blir brukte til dette føremålet.
4. Legg ein eggekartong i botnen av biodunken. Dette vil hindre posen å fryse fast.
5. Ein neve salt i botnen av biodunken kan gjere same nytta.

La dei første bioposane stå ute nokre timar, slik at desse frys før dei kjem i dunken. (Husk å dekkje til posen når den står ute, så ikkje dyr kjem til).

Slamtømming når vinteren er på veg:

Har du fått sms melding om at slambilen kjem på besøk?

Tankloket kan både frysa fast og verta dekkja av snø. Hjelp sjåføren å finna tanken sjølv om det er snø måk den fram. Merk loket ekstra godt anten med skilt, spade eller anna som kan hjelpe sjåføren å lokalisera loket. Ved frost og snø kan ein leggja ei plate, ein presenning eller noko isolerande over loket som gjer det enkelt å få snøen vekk og hindra frost.

SENDER:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord

OFFENTLEG INFORMASJON**MATSVINN**

Korleis kaste mindre mat i jula?

Jula er ikkje berre høgtid med hygge og gode tradisjonar, det er også ei høgtid for brann, overforbruk og sløsing med ressursar. Her er nokre tips til ei tryggare, meir miljøvenleg og økonomisk jul!

Planlegg menyen og innkjøpa i større grad. Kjøp litt mindre enn du hadde tenkt. Det vert alltid nok! Planlegg også eigne restemåltid av julematen. Inviter gjerne til buffét der alle har med litt av det de treng å få spist opp.

Byrje med opprydding i kjøleskapet tidleg i desember. Slik får ein oversikt over det du har og kan sette det som går ut først på dato heilt fram. *PS: Sett mat som ikkje behøver å stå kaldt i matskapet (brus, ketchup ol.).*



Avkjøl restar så raskt som mogleg og pakk dei vekk i tett emballasje med ein gong måltidet er unnagjort. Vent heller med oppvasken.

Ikkje bak meir kaker enn de kjem til å ete. Spør familien kva sortar dei liker best. Del kaker med ein venn eller eit familiemedlem, så får de fleire sortar og ikkje så mykje av kvar. Spleis gjerne på uvanlege ingrediensar med nokon andre, og del.



Ta med mat på hytta eller besøk i romjula, så det ikkje blir ståande i kjøleskapet for lenge og vert dårleg. Hugs at all mat har ein verdi og fortener å bli spist. Inviter nokon heim i desember/jula som treng eit godt måltid og ein hyggeleg prat!



Sjå, lukt og smak!

Kjelde: matvett.no

OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaften, julaften og nyttårsaften stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00–18.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker)
kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 11.00–18.00

Tysdag og torsdag kl. 09.00–16.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker)
kl. 09.00–14.00

Perioden 1. okt.–31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00–18.00

KVINNHØR, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og onsdag kl. 11.00–18.00.

Tysdag og torsdag kl. 09.00–16.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker)
kl. 09.00–14.00

Perioden 1. okt.–31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag–torsdag kl. 09.00–18.00

Fredag kl. 09.00–15.00

Laurdag kl. 09.00–14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Tysdag og torsdag kl. 10.00–18.00.

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00–18.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker)
kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as

SIM